



Norges Vassdrags- og Energidirektorat
nve@nve.no

Dykkar ref.: Høringsdokument nr. 6-2019
Vår ref.: 1249837 / 1

11.10.2019

Høyringssvar frå SFE Nett AS til forslag til endring i inntektsrammeregulering av nettselskap

Vi viser til høyringsdokument nr 6-2019, med høyringsfrist 15. oktober 2019.

SFE Nett vil gjennom vårt medlemskap støtte høyringsuttala til bransjeorganisasjonen DistriktsEnergi.

Forslag til endring i inntektsrammeregulering:

- 1. NVE ønskjer å auke vektlegging av kostnadsnormen i inntektsramma frå 60% til 70%.*

Inntektsrammemodellen til NVE er under stadig utvikling, og er truleg relativt treffsikker når ein ser heile bransjen under eitt. Endring i inntektsrammemodellen skjer relativt ofte, sist t.d. glatting av pensjonskostnad, fjerne rammevilkåret "avstand til veg", nytt vektsystem, endra kalibrering, vintervariabel, justering av grensesnittanlegg. NVE sine relativt hyppige endringar har som regel liten påverknad på samla bransje, men gir store sprang i effektivitet og inntektsramme for enkeltsselskap. Dette er eit signal om at det er komplisert å få til ein modell over bransjen som tar opp i seg alle relevante variablar, og som treffsikkert kan måle reell effektivitet. Når endring av inngangsvariablar gjerne gjev +/- 10-15% endring i effektivitet for enkeltsselskap er det eit klart signal om i kva grad ein kan vektlegge kostnadsnormen i inntektsramma. Eitt anna moment er at nettselskap i område med stor utbygging av fornybar kraft har hatt ein ekstraordinær investeringsbølge grunna dette som fører til at

selskapa i ein lang periode med dagens reguleringsmodell vil få redusert målt effektivitet og avkasting. Denne «ikkje effektivitetsrelaterte» systematiske ulikskap mellom selskapa vil med endra vektlegging av kostnadsnorm få auka effekt på selskapa sin økonomi.

Modellen er etter vår mening ikkje treffsikker nok til at det er forsvarleg å auke vektlegginga frå 60% til 70%.

Vektlegging av kostnadsnormen med 60% gjev i dag sterke økonomiske signal til effektivisering. Med dagens treffsikkerhet i berekning av kostnadsnormen kan vi ikkje sjå at ytterlegare signal verken er forsvarleg eller naudsynt.

2. Endring av praksis og regelverk kring utbetaling ved svært langvarige avbrot

Nye tekniske moglegheiter etter innføring av AMS gir god kontroll over utetid for enkeltkundar, og det er naturleg at regelverk kring USLA tilpasser seg dette. SFE Nett støttar forslaget. Samla kompensasjon for USLA og KILE for hushaldning og fritidsbustadar har blitt relativt høg. Vi er i tvil om det er reell betalingsvilje for nett tilpassa så høge satsar.

3. Endre regulering av Statnett sine kostnadars tilknytt systemansvaret

SFE Nett støttar forslaget.

4. Gebyr som nettselskap er pålagt å betale til Elhub er foreslege helde utanfor effektivitetsmåling

Forslaget er etter vår mening fornuftig, og støttast.

5. Endre grunnlaget for kalibrering av inntektsramme frå avkastingsgrunnlag (bokført kapital) til å inkludere anleggsbidragsfinansierte anlegg.

SFE Nett støtter forslaget om å inkludere kundefinansierte anlegg i kalibreringa.

6. Endre praksis kring FOU-ordninga

SFE Nett støttar forslaget.

7. Klargjere definisjon av kva anlegg som skal rapporterast til regionalnett og lokalt distribusjonsnett

SFE Nett støttar forslaget.

Venleg helsing

SFE Nett AS



Asgeir Aase / Nettdirektør SFE Nett